

Tidenes opphenting og god start på Norway Cup.

27.07.2014



Glade fotballgutar etter den imponerande opphentinga i Norway Cup.

**Årets Norway Cup er i gang, og også i år er mange unge uskedelingar med på dette eventyret i hovudstaden. Det deltar heile 11 lag frå Kvinnherad, og mange spelarar frå vår bygd blir dei komande dagane i aktivitet på desse laga. Også på trenar- og leiarar sida, og ikkje minst blant publikum, gjer uskedelingane seg gjeldande!**

Trenaren for G-14 laget, Kjell Erik Taranger, kan rapportera om ein svært oppløftande første kamp. Dei spela mot Vang FK. Motstandarlaget hadde ein god første omgang og leia heile 4 - 1 ved pause. Pausepraten må ha gjort godt! Gutane samla seg og gjorde ein imponerande 2. omgang med heroisk innsats. Etter 5 scoringar drog dei sigeren i land med siffera 6 - 5. Kva Kjell Erik sa til gutane i pausen, veit eg ikkje. Men dette må vera det Kjetil Rekdal kallar coaching i verdsklasse!

Torstein Myklebust vart kampens store profil med sine 5 scoringar. Petter Solbakken Boot laga det sjette målet.

Desse spela på Rosendal/Uskedal sitt vinnarlag: Mats L Eik, Joakim Myklebust, Jonas Ridzevicius, Jakob

Taranger, Torstein Myklebust, Ingar Høivik Eik, Petter S Boot, Noah Solheim, Ian Bjørke, Andreas Ølvestveit, Asgeir Vågen. Dei 6 førstnemnde er frå Uskedalen.

Det vert stor aktivitet rundt både dette laget og dei andre laga i veka som kjem. Rosendal Turnlag legg opp til ei god liveoppdatering av kampane. Dermed kan vi følgje med på utviklinga ved å gå inn på Rosendal Turnlag si heimeside, <http://www.rosendal-turnlag.no/>, eller følgje det på Rosendal Turnlag si side på Facebook.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kjell Erik Taranger